

Til
Vestland Fylkeskommune



Høyringsuttale til regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland frå Sogn og Fjordane Næringsråd.

Fylkeskommunen skal ha ros for planarbeidet så langt og for måten ein har engasjert breitt til deltaking i planarbeidet.

Sitat frå fylkesdirektør Bård Sandal som innleia innspelsmøte i Sogn.

Samarbeid heilt sentralt - Dette er ein plan som gjeld for heile Vestland. Ambisjonen er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket i landet. For å komme dit, treng vi kvarandre. Samarbeid er altså heilt sentralt for å få dette til, sa Bård Sandal, fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling i sitt opningsinnlegg. Han la til at vi treng å omstille oss, både på kort og lang sikt. I første omgang må vi løyse utfordringane som gjeld pandemien. På lengre sikt handlar det om å omstille oss frå oljerelatert verksemd til utsleppsfri industri og meir berekraftig vekst. - For å få til dette må vi løfte og utvikle det vi allereie er gode på, sa Sandal og trekte fram at vi har verdsleiande industri i Vestland.

Innleiing:

Sjølv om det innleiande planarbeidet har vore godt er det no Alvoret startar og ein skal bli meir og meir konkrete. Dersom regional plan for innovasjon og næringsutvikling skal ha verdi for næringslivet i Vestland er det heilt avgjerande at planen er godt forankra i alle delane av næringslivet. Det gjeld i alle næringar og i store, små og mellomstore bedrifter. Planen må vere mest mogeleg konkret for at den skal bli ei viktig rettesnor for næringslivet og bedriftene i Vestland. Derfor må det arbeidast med konkrete handlingsplanar på same tid som ein arbeider med sjølve planen.

Viktige tiltak for å skape deltaking og forankring i næringslivet.

- Det må lagast konkrete handlingsplanar som inkluderer og treffer næringslivet både lokalt og regionalt.
- Invitere enkeltbedrifter frå ulike næringar og deler av fylke til å kome med innspel.
- Invitere vekstselskap og næringshagar til å kome med innspel basert på tilbagemeldingar frå eigne medlemar eller næringslivet i sin region/kommune.
- I så usikre tider som no må fylkeskommunen vere villige til å justere kursen og tilpasse handlingsplanane til næringslivet sitt behov gjennom kontinuerleg dialog og samarbeid.

Det er viktig at planen syner kva retning ein skal gå i og kva område som skal prioriterast. Planen må også peike på korleis arbeidsdelinga og ansvarsområda skal vere mellom fylkeskommunen, andre offentlege etatar og verkemiddelapparatet. Det same gjeld korleis ein skal få til eit effektivt og konstruktivt samarbeid mellom Bergen og resten av fylke som alle kan tene på og som kan skape vekst og utvikling i alle delane av Vestland.

Fylkeskommunen må spele ei aktiv rolle inn mot sentrale styresmakter for å sikre at næringslivet får best mogeleg rammevilkår for å skape auka vekst og verdiskaping og trygge arbeidsplassane. Ein skatte- og avgiftspolitikkk som sørger for vekstkraft og nye arbeidsplassar er viktigare enn nokon gong. Det same eit ope, trygt og effektive vegnett som både kan sikre leveransar av varer og tenester internt i fylket og eksport ut av fylket.

Konkrete innspel til regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland

Leiande verdiskapingsfylke

- Vestland er sterke på naturbaserte næringar. Fornybar energi, olje og gass, marin og maritim sektor og reiseliv. Dette må vidareutviklast og danne grunnlaget for auka verdiskaping i Vestland.
- Reiselivet er inne i svært krevjande tider. Mykje vil endre seg i tida som kjem. Planen må peike på korleis vi møter desse utfordringane.
- Vestland er stor kraftprodusent og krafteksportør. Planen må peike på korleis vi kan bruke denne krafta til auka verdiskaping i Vestland
- Desentralisert/digital utdanning tilpassa lokalt næringsliv er avgjerande for å få tilgang på kompetent arbeidskraft i framtida.
- Vestland er ein viktig matprodusent. Korleis skal ein vidareutvikle dette og få vekst i dei ulike regionane. Havbruk/fiskeri, landbruk, frukt og grønt og matvareindustri.
- Planen må legge til rette for å skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grønt konkurransekraft og entreprenørskap.
- Planen må legge til rette for å vidareutvikle sterke næringsklynger og skape nye.
- Regionsenterutvikling og styrking og vidareutvikling av kompetansemiljø er viktig både for auka verdiskaping og busetnad i heile Vestland.

Grøn næringsutvikling:

- Ein må bygge vidare på kompetanse og erfaring frå eksisterande næringsliv for grøn omstilling. Olje-, gass-, fornybar, prosessindustri og andre næring.
- Det må vere god tilgang på fornybar kraft til konkurransedyktige prisar.
- Arbeide for forsterka energikapasitet- og infrastruktur både på land og sjø.
- Arbeide for forsterka nettkapasitet. Auka bruk av jord og sjøkabel for å ta vare på naturverdiar, hindre nærføring til busetnad og frigjere næringsareal.
- Auka kraftproduksjon frå fornybare energikjelder og oppgradering av eksisterande kraftanlegg og flaumdempingstiltak.
- Kortreist kraft. Direkte frå lokal fornybar kraftproduksjon til lokal verdiskaping.
- Meir risikokapital til innovasjon i fornybar energi.
- Fleire «grøne» gründerar.
- Tettare samarbeid med dei store kraftselskapa.
- Tettare og meir forpliktande samarbeid mellom næringsliv og forskning/utdanning/akademia.
- Feire samarbeid mot dei store marknadane internasjonalt.

Innovative og inkluderande samfunn.

- Arbeid – busetnad – rekruttering – næringsliv. Alt må sjåast i ein samanheng.
- Desentralisert vidaregåande opplæring med større fokus på lokalt og regionalt næringsliv.
- Meir forpliktande samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og næringslivet.
- Større fokus på innovasjon og verdiskaping.
- Skape større interesse for lokalt eigarskap og investering i bedrifter og næringar.
- Velfungerande desentraliserte offentlege tenester
- Fokus på folkehelse og det gode liv. (trivsel). Verdsette eldsjeler og dugnadsarbeid.

Areal til næringsutvikling.

- Gode og framtidsretta regionale og kommunale planar må ligge i botnen.
- Det må leggst til rette for næringsutvikling gjennom å utarbeide offensive reguleringsplanar som ligg klare når nye bedrifter skal etablere seg.
- Det må leggst til rette for å vidareutvikle eksisterande bedrifter ved å sikre areal til ekspansjon.
- Offentlege myndigheiter må legge stor vekt på å gjennomføre rask, effektiv og føreseieleg sakshandsaming.
- Offentlege myndigheiter må ha ei JA haldning til næringslivet sine behov og ønskjer.

Fornybar energi.


Statnett skriv i sin langsiktige marknadsanalyse 2020 at det årlege kraftforbruket vil auke frå om lag 140 TWh i dag til mellom 180-190 TWh innan 2050. Auken skal kome frå fornybare energikjelder på same tid som fossil kraft gradvis blir fasa ut. I Vestland blir det produsert 31 TWh straum i året og av dette blir 18 TWh sendt ut av fylket. På same tid har Vestland stort behov for meir straum både for å vidareutvikle det næringslivet ein har i dag og skape nytt.

Tilgang på fornybar energi til konkurransedyktige prisar vil vere heilt avgjerande for å legge til rette for å vidareutvikle eksisterande næringsliv, skape nye bedrifter og næringar og legge til rette for det grønne skifte i Vestland. Det gjer at Vestland fylkeskommune må arbeide aktivt for å legge til rette for meir fornybar kraftproduksjon og styrke nettkapasiteten der det i dag er for lite tilgang på kraft. Det må leggst stor vekt på at kortreist kraft som er lokalt produsert kan nyttast til lokal verdiskaping. Det vil trygge eksisterande arbeidsplassar og legge til rette for nyetablering og grønne arbeidsplassar.

Samandrag.

Sogn og Fjordane Næringsråd har vore med både under førearbeidet til denne planen og delteke i arbeidet med å utarbeide Vestlandscenarioanalysen 2020. SFN ønskjer å delta aktivt i det vidare arbeidet med dei regionale scenarioanalysane og ventar at det blir stor fokus på konkrete handlingar og klare målsettingar. SFN ber om at dei merknadane og kommentarane vi har sendt inn gjennom denne høyringsuttalen blir vektlagde i det vidare arbeidet med regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland.

Hornindal/Sogndal 25. mars 2021



Yngve Hallén
Styreleiar



Bjørn Lødemel
Dagleg leiar